



Uskedalen Aktivitetshus, som rådmannen meiner er "eit godt eksempel" (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag skal formannskapet handsama saka om kommunen sitt framtidige engasjement ved utbygging av idretts- og kulturbygg. Rådmannen går inn for at kommunal støtte til private anlegg i framtida skal avgrensast til byggjetilskot over driftsbudsjettet.

I denne samanhengen viser rådmannen til Uskedalen Aktivitetshus som 'eit godt eksempel'.

Kommunen har til dette huset forskottert spelemidlane på tre millionar og vilkåret for utbetaling av desse er at huset er ferdig utbygt til årsskiftet.

Rådmannen skriv vidare:

'Dette maktar ein ikkje med dugnadsinnsats og difor må det takast opp lån slik at ein kan leige inn fagfolk. Slikt banklån vil ein ikkje få utan kommunal garanti. Samtidig er det kommunen som vil tape om bygget ikkje blir ferdig til fastsett dato, då det er kommunen som skal ha spelemidlane.

Kommunen kjem dermed i ein tvangssituasjon der det må gjevast garanti for eit lån som bygda neppe vil makte å betale ned. Dette fordi drifting av huset truleg vil bli ei meir enn stor nok utfordring for bygdefolket'.

Rådmannen slår fast at hvis kommunen må overta og betale ned slike lån, betyr det auka driftsutgifter. Dermed blir også dette eit skjult driftstilskot som få får glede av. Utifrå dette må kommunen ikkje lenger forskottare spelemidlar til private anlegg og ein må heller ikkje garantere for private lån, meiner rådmannen.

Av Ola Matti Mathisen